



Bålet på Skorpefjellet.

Vardebrenninga på Skorpefjellet i går kveld var godt synleg, jamvel om sjølve bålet var i minste laget. Uskedalen.no sin fotograf fekk eit stemningsfullt bilete i skumringa i 20.30 tida. Fire mann frå aksjonsgruppa Aldri meir 9. april i Kvinnherad tok seg fram til toppen i vind og regn. Varden vart tend nøyaktig kl. 20 og slokna ut ein time seinare.

Ein varde har to tydingar. Mest av alt er det ei steinrøys på ein fjelltopp som markerer ei grense eller syner turgåarane vegen i fjellet. Den andre tydinga er det å tenna eit bål som varsel om ufred. Det var helst i eldre tid varden eller veten vart brukt til dette føremålet.

Ved nokre viktige markeringar har ein brukt vardebrenning i nyare tid. Då har det samanheng med aksjonar der ein vil senda ut eit viktig varsel. No gjeld det Regjeringa sitt framlegg til ny Forsvarsplan der mellom anna Heimevernet vert bygd ned. Om Forsvarsplanen vert vedteken, vil det lokale HV ha ein uvesentleg rolle i forsvaret av landet.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Hans Ordin Østebø